



Fylkesmannen i Vestland

Løyve til utdjuping ved undervassprenging gnr. 127, bnr. 100 på Mongstad i Lindås kommune for BKK Nett AS

Fylkesmannen gjev BKK Nett AS løyve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad datert 19. februar 2019. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende beskjed til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Fylkesmannens referanse

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer
2019.0301.T	1263.0145.01

Bedriftsdata

Bedrift	BKK Nett AS
Postadresse	Postboks 7050, 5020 Bergen
Kommune og fylke	Lindås, Hordaland
Org.nummer/ eigd av	976 947592 / 976 944801

Løyve gjeven: 4. april 2019	
Silje Tingstad overingeniør	Magne Nesse senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift</i>	

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utdjuping ved sprenging av inntil 250 m³ faste massar frå null til fem meters djup over ca. 450 m² sjøbotn på Mongstad, gnr. 127, bnr. 100 i Lindås kommune. Massane skal takast på land og nyttast på eigedomen til Equinor.

2. Generelle vilkår

2.1 Grunnlag for løyvet

Fylkesmannen legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 19. februar 2019 med mindre anna er avtalt med Fylkesmannen. Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gong.

2.2 Ansvar

BKK Nett AS er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert haldne, og pliktar å sørge for at dei som skal gjennomføre tiltaka er kjent med dei vilkår som gjeld.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.4 Endring av løyve

Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, setje nye vilkår, og om nødvendig trekke løyvet tilbake, dersom vilkår gitt etter forureiningslova § 18 er til stades.

Fylkesmannen har på same grunnlag rett til, på eitkvart tidspunkt, å stoppe tiltaket.

3. Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid transporterer og dumper eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsysteem i tråd med vilkår 3.1.

3.2 Beredskapsplan

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i flg. planen, kan oppstå.

3.2 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (nødnummer 110).

Verksemda skal også, så snart som mogeleg, varsle Fylkesmannen i slike tilfelle på fmvpost@fylkesmannen.no

4. Sprenging/ utdjuping

Av omsyn til registrerte gytefelt skal det skal nyttast sprengingsteknikkar og avbøtande tiltak som reduserer spisstrykk ved sprenginga som beskrive av akustisk konsulent Norconsult i notat av 14. februar 2019 .

Vi set vilkår om bruk av sprengingsteknikkar som reduserer trykkgjennomslagene ved sprenginga slik som tetting av borehol (fordemming) og sekvensiell tenning (kvart borehol sprengast før seg med forseinking til neste hol). Som avbøtande tiltak skal det nyttast boblegardin og siltgardin rundt sprengingsstaden.

Utdjuping ved sprenging og opplasting av utsprengt stein skal utførast så skånsamt som mogeleg for å redusere partikkelspreiing. Tiltaka skal gjennomførast innafor det arealet som er vist i søknaden. Eventuelle skyteleidningar, plastavfall m.m. skal samlast opp.

Dersom det oppstår unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessige konsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Fylkesmannen.

5. Sluttrapport og tilsyn

5.1 Sluttrapport

BKK Nett AS skal sende rapport til Fylkesmannen innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal innehalde:

- Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt utdjupa (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som vart sett i verk

5.2 Tilsyn

Tiltakseigar plikter å la representantar frå Fylkesmannen føre tilsyn med anlegget når som helst.